

Årsmøtet i Odda Mållag 26. februar 2023 fatta samrøystes vedtak:

Målprisen 2022 vert tildelt Hallgeir Opedal.

Hallgeir Opedal er ein særmerkt og produktiv kar i kulturen og nynorsken si teneste. Han er rett nok fødd på Kongsberg, men vart flytta heim i tide slik at han fekk ein oppvekst i vakker og vill vestnorsk natur, og med akseptabel avstand til industristaden Odda.

Får CV-en kan mellom annan nemnast:

- Hardanger Folkeblad
- Journalistskulen
- Haugesunds Avis
- VG
- Dagbladet - featurejournalistikk med fast spalte: "Opedal på ein lørdag!" (eller var det søndag?)
- Forfattarkarriere med mellom anna "Flekkmonsteret bygger harefelle" på Samlaget
- Ka e det med Odda?
- Reisereportasjar i den nynorske vekeavisa Dag og Tid med breitt nedslagsfelt sett frå eit lågt perspektiv:
 - 2018: **Heim**. Frå Oslo til Odda til fots med ryggsekk langs E134 (som også er kome som bok)
 - 2019: **Ned den ukjende Themsen i kajakk**; Frå bekk til metropolelv.
 - 2020: **Utforsking av Sverige og svenskane** på den slitne skuteren Streiff - som har namn etter hesten til Gustav den II Adolf i slaget ved Lutzen.
 - 2021: **Danmark på el-sykkelen Daisy** rundt "de danske øer". Daisy er elles danskane sitt kjælenamn på dronning Margrethe.
 - 2022: **På gamle trakter i Finland**, men i ein ny tid og med særleg merksemd mot Sanna Marin (som er den unge finske kvinnelige statsministeren som har skjønt det med internett og kontakt med fylgjarane sine)

... og til sommaren går turen etter planen til Island.

Hallgeir seier elles sjølv at arbeidet med desse lange reiseskildringane har opna dører inn til nynorsken att for han, noko han er både takksam og glad for.

Det er verdt å merka seg at framkomstmidla alle er basert på ta seg fram på "lågt nivå" og ikkje for fort eller behageleg, og der det oppstår komplikasjonar og heft undervegs. Slik opnar det seg rom der formidlaren medvite eller umedvite kjem i kontakt med folk og fe og natur i vid forstand inklusivt regn, vind, kulde og varme. Opedal har ei eiga evne til å gå inn i dei romma som opnar seg på turen.

Opedal er ein utflyttar som ber heimstaden med seg rundt om i verda, og som ofte refererer til den i det han skriv.

Opedal har også med seg den konstruktive vestlandske sjølvironien, men ber den fram på ein meir stillferdig og underforstått måte enn dei fleste.

Under arrangementet *Ka e det med Odda?*, som var forløparen til Litteratursymposiet og avvikla på Meieriet allaktivitetshus, deltok også Hallgeir.

Han skulle m.a. lesa dikt. Før opplesinga sa han at han skulle lesa to dikt - eitt kort og eitt langt. Han sa og at dei som ikkje likte lange dikt, måtte gjerne gå ut og ta seg ein røyk, slik at dei slapp å kjeda seg. Hallgeir venta litt og las så dikta

“Det er eg som dreg turbinen, sa røldølen, han pissa på Sandfloegga” som var heile dikt 1 og så “Den gamle gnuen og løva” - med *Sett frå gnuen sitt synspunkt*- som undertittel og som var langt. Ingen gjekk verken før eller under opplesinga, og opplesaren hadde publikum si fulle merksemnd.

Målprisen er eit trykk av Solfrid Aksnes med tittelen *Bokstavflygarar* og handlar om kommunikasjon i vid tyding og med det skrivne ordet som grunnlag.

Tale er natur. Skrift er kultur.

Årsmøtet i Odda Mållag tildeler Målprisen 2022 til Hallgeir Opedal.